



**Dato: 11.08.2025**

**Stad: Brattvåg Bowling**

**Møteleiar: Presidenten**

**Hovedinnslag:**

**Oppstartsmøte med noko attåt**

Ewa, den nye presidenten vår, ønskte oss alle velkomne til nytt rotaryår.

I ei uformell ramme fekk vi høve til å komme med ønske og forventningar til det nye året. Jorunn, leiar for programkomitéen, kom med sine tankar om program-arbeidet, noko som vart tatt godt i mot av medlemmane.



I år som i fjor fekk vi servert BBBs gode pizza – og i år som i fjor vann Ole Petter bowlingtevlinga etter møtet. ML

**Dato: 18.08.2025**

**Stad: Hautunet**

**Møteleiar: Presidenten**

**Hovedinnslag:**

**Presidentens møte/ komité-arbeid**

Presidenten ønskte velkommen til det første ordinære klubbmøte dette rotaryåret. Ho innleidde med diverse informasjonssaker. Etterpå samla medlemmane seg i sine ulike komitéar for å legge sine planar for året.



**Dato: 26.08.2025**

**Stad: Hautunet**

**Møteleiar: Presidenten**

**Hovedinnslag:**

**Omvisning i Parkgata**

Denne tirsdagskvelden var det oppmøte i Parkgata i Bygdeparken. Jorunn tok oss med på ei runde samstundes som ho fortalde om arbeidet med dette imponerende prosjektet. Ein stor dugnadsgjeng har laga til ei koseleg gate med boder og er saman med barneskulen sin store gapahuk og Haram Lions sin paviljong blitt til ein flott samlingstad for ulike arrangement. Det er allereie vore arrangert to sommarfestar med god publikumsoppmøte og

dugnadsgjengen ser for seg mange komande arrangement her med ulike arrangørar og ulikt innhald. ML

**Dato: 02.09.2025**

**Stad: Brattholmen**

**Møteleiar: Presidenten**

**Hovedinnslag:**

**Dugnad på Brattholmen**



13 rotarianere deltok. Ingen fra Round Table. Rydding, beising gapahuk og stupebrett og muring av bålgrue. Endre stilte med båt og Cathrine serverte kaffe og kanelnurrer.



HG

**Dato: 09.08.2025**

**Stad: Hautunet**

**Møteleiar: Presidenten**

**Hovedinnslag:**

**Stortingsvalet 2025**

President Ewa ledet møtet. Fødselsdager i august og september. Oppsummering av valget gikk ut, men Bjørn S. tok en gjennomgang av Stortingsvalget generelt. Det ble anledning til spørsmål og kommentarer. Ewa orienterte om programmet framover. HG



**Dato: 16.09.2025**  
**Stad: Hautunet**  
**Møteleiar: Presidenten**  
**Hovedinnslag:**  
**Besøk frå Vendor**

President Eva H ønska velkommen og orienterte om dagens program. Dagens hovudpost var Andre Lillestrøm som fortalde om Vendor og historia bak bedrifta. Han tok oss tilbake til starten av Vigdis Mek Verksted i 1950 med oppstarten av bedrifta. Det var Tennøe og Skaar saman med Olav Bruset som starta bedrifta. I starten var det komponenter til Tennøe og Skaar sine produkter som stod sentralt.

Olav Bruset kom til Brattvåg og arbeidde ved Hydraulik Brattvaag frå 1941-48. Mest kjent er vel klesrulla til Vigdis. Denne var utvikla saman med svigerfar til Olav, Jonas Finnøy. Jonas hadde også gründeren i seg og han og kona Hansine laga ein prototype på automatisert vevstol. Dei var på ei varemesse i Ålesund i 1948 og vi fekk høyre eit opptak av eit intervju frå den gongen.

Vigdis vart etter kvart til Brattvåg Mekaniske Verkstad og Jostein Finnøy kom inn saman med Olav Bruset og dreiv verksemda vidare. Det vart eit samarbeid med Hydraulik Brattvåg etter kvart med delproduksjon. Gründeren hadde Jostein i seg også og grubla vidare på ulike produkt.



Andre Lillestøl kom inn for el 20 år sidan og han har fortsett pionerarbeidet som dei tidlegare leiarane hadde i seg. Han fortalde om dei ulike pionerprodukta som Vendor har produsert til andre bedrifter i heile Norge. Møtet vart avslutta med orientering frå Anne Marit S og planlegging av Rotarymarsjen som skal gå av stabelen 21.09.2025. TG

**Dato: 21.09.2025**  
**Stad: Rotaryhuken,**  
**Synnalandsvatnet**  
**Møteleiar: Presidenten**  
**Hovedinnslag:**  
**Rotarymarsjen**



Greit opplegg, men dårlig vær. Ca 20 personer gikk rundt vatnet. 3 stands med gjettekonkurranser. Loddsalg, kake og kaffe/soft-servering i gapahuken. 9 rotaryanere deltok i avviklingen av Rotarymarsjen 2025. HG

**Dato: 30.09.2025**  
**Stad: Hautunet**  
**Møteleiar: Presidenten**  
**Hovedinnslag:**  
**Svindelførebygging**  
Ewa ledet møtet og fortalte litt fra Distriktskonferansen.



Kveldens program: Svindelførebygging med Lillian Kleven Brevik fra Sparebank1. Gikk gjennom de vanligste "fellene" og hva vi skulle gjøre dersom vi ble svindlet. HG